

---

**Fra:** Merethe Tvedt  
**Sendt:** 28. august 2017 14:22  
**Til:** 'Oddbjørn Meland'  
**Emne:** gbnr 9/28

Hei Oddbjørn Meland,

Viser til telefonsamtale i dag og oppgir i korte trekk kva vi vil kreve for utbygginga på gbnr 9/28.

På gbnr 9/28 har kommunen vurdert at vi kan frita for krav om reguleringssendring for skissert fortetting, men som nemd i referatet frå førehandskonferansen 10.1.2017 vil vi kreve ein detaljert illustrasjonssplan.

Det som no er komen inn er ikkje tilstrekkeleg, og kommunen krev at det blir utarbeida ein *digital* illustrasjonssplan.

Illustrasjonsplanen skal mellom anna visa:

- Interne veger med stigningsforhold, sikt, breidde, vegskulder og avkjøring.
- Vatn, avlaup og tilkoplingspunkt, (handtering av overvatn)
- Tomteinndeling, plassering av bygg, oppholdsareal, byggehøgd og byggjegrenser
- Terrenginngrep
- Leikeplass, og opparbeiding

Slik kommunen opplyste om i møtet vil det vera mulig at tilkomstvegen må utbetraast, dette for å oppnå stigningsforhold, breidde osv.

De må legge fram forslag til løysing i forhold til utbygginga, så vurderer kommunen om dette er tilstrekkeleg eller at det må utbetraast betre.

Slik det står i referatet til førehandskonferansen supplerer føreseggnene i kommuneplanen der reguleringssplanen er «taus». I forhold til leikeplass er det no ikkje innanfor kravet, verken til størrelse eller max avstand frå bueiningane.

Meland kommune viser til dokumentasjon journalført motteke 20.7.2017 med kommentar til førehandsvarselet som var holdt 10.1.2017.

Referatet er fortsatt gjeldande, men kommunen ser at det ikkje vil vera behov for bruksendring av eigedomen når gamal fritidshytte blir riven og nye bygg vil bli omsøkt som heilårsbustad.

Men venleg helsing

Merethe Tvedt  
Bygesaksrådgiver  
Meland kommune  
e-post: [merethe.tvedt@meland.kommune.no](mailto:merethe.tvedt@meland.kommune.no)

